

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

26.05.2010

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag 01.06.2010 kl. 12.00
på Giske rådhus

SAKLISTE:

- Sak 07/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 16.03.2010
- ” 08/10 - Årsmelding 2009 - Giske kommune
- ” 09/10 - Kommunerekneskapen 2009 - Giske kommune
- ” 10/10 - Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune
- ” 11/10 - Sak oversendt frå Giske Venstre *B-sak*
- ” 12/10 - B-sak om rusbehandling og ytingar frå kommunen

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16.03. 2010 kl. 12.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Ove Paulsen, Gunnar Morsund og Petra Riste Synnes

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte
dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte
dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå kommunen møtte kommunalsjef Sindre Røsvik og pedagogisk konsulent Arnfinn Vartdal
i sak 02/10 og økonomisjef Sigmund Strand i sak 04/10.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. DESEMBER 2009**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 15. desember 2009 blir godkjent.

**SAK 02/10
TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL OM
SPESIALPEDAGOGISK HJELP FØR SKOLEPLIKTIG ALDER**

Saksutgreiing datert 08.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar sluttrapport frå fylkesmannen og ber om at denne blir oversendt kontrollutvalet.

SAK 03/10

**KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I GISKE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 08.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes vedtak:

1. Saka blir avvist ettersom brevet frå Skatteetaten til Giske kommunestyre med kopi til Giske kontrollutval av 04.02.2010 ikkje ligg føre på nynorsk.
2. Kontrollutvalsekretariatet tek forholdet opp med Skatteetaten og ber om ny kontrollrapport på nynorsk.

SAK 04/10

ORIENTERING OM FRIVILLIGHETSSENTRALEN

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet blir orientert i neste møte.

SAK 05/10

**OM KRD SI ARBEIDSGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I
KOMMUNANE**

Saksutgreiing datert 08.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering.

SAK 06/10

SKRIV FRÅ LINDA ALNES OPTUN (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få skriftleg utgreidd korleis denne saka har blitt behandla frå kommunen si side og kva rettsreglar som er brukt. Brev frå fylkesmannen må følgje oversendinga.

Møteslutt kl. 14.30.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Gunnar Morsund
medlem
(sign.)

Petra Riste Synnes
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 26.05.2010

SAK 08/10
ÅRSMELDING 2009 – GISKE KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Giske kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Giske kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 26.05.2010

SAK 09/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – GISKE KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Giske kommune
2. Giske kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil påpeike at det innan enkelte ansvarsområde ligg føre overskridingar i høve vedteke budsjett. Arbeid med økonomistyring bør ha prioritet.

Harald Rogne
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
06.05.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Giske kommune

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

REVISJONSMELDING 2009 – GISKE KOMMUNE


Vi har revidert årsrekneskapen for Giske kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 248 129 386 000,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 12 101 192,25. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i høve vedteke justert budsjett.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Giske kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 26.05.2010

**SAK 10/10
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
I GISKE KOMMUNE**

I førre møte i sak 03/10 var saka oppe til behandling første gong. Saka vart då avvist ettersom kontrollrapporten vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen ikkje låg føre på nynorsk. Vedlagte rapport er på nynorsk.

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapen. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”*Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet*” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også

eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 15.04.2010 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Sunnmøre Kontrollutvalsekretæriat IKS
Pb 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune

Vi har gjennomført kontrollar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen for Giske kommune for 2009. Rekneskapen viser per 31. desember 2009 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til marginkonto) på kr 540 086 303 og uteståande restansar² på kr 13 943 897. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar den 21. januar 2010.

1. Oppgåver og kontroll

Grunnlaget for skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er ”*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*” av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Ressursar og tilpassa organisering
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Siste stadlege kontroll vart halden 21. mai 2008.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav



3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- ***Ressursar og tilpassa organisering***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at skatteoppkrevjarkontoret er organisert slik at gjeremåla i høve til skatteoppkrevjarinstruksen kan utførast tilfredsstillande. Skattekontoret har ingen særskilte merknader til kontoret sin ressursituasjon.

Det vert likevel merka at det er avdekka følgjande vesentlege tilhøve der gjeldande lov, forskrift eller instruks ikkje er halde:

Skatteoppkrevjar har ikkje sendt inn verksemdsplan for 2009.

Etter Skatteoppkreverinstruks § 2-2 nr. 2 skal Skatteoppkrevjaren som en del av den interne kontrollen utarbeide verksemdsplan for kontorets verksemd.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avleggjing av rekneskap***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avleggjing av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjinga***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***


Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, retningsliner og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



4. Ytterlegare informasjon om kontrollane

Skattekontoret har ikkje gjeve pålegg og tilrådingar etter sine kontrollhandlingar i 2009.

Med helsing


Rune Langsø Johansen
Avdelingsdirektør
Skatt Midt-Noreg


Stein-Ove Hjortland
Underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Giske kommune
- Skatteoppkrevjaren i Giske kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet